



**DET
NORSKE
TEATRET**

REGISSØR **MARIT MOUM AUNE**

SCENOGRAF OG KOSTYMEDESIGNAR **MIA RUNNINGEN**

KOREOGRAF **JONAS DIGERUD**

MASKØR OG PARYKKMAKAR **NINA BLOCH**

MUSIKALSK ANSVARLEG **STÅLE SLETNER**

MUSIKALSK ARRANGEMENT **JANE KELLY**

MUSIKALSK INNSTUDERING **STÅLE SLETNER OG JANE KELLY**

DIALEKTKONSULENT **INGJERD EGEBERG**

DRAMATURGAR **INGRID WEME NILSEN /
CARL MORTEN AMUNDSEN**

INSPISIENT **PÅL PANDE ROLFSEN**

SUFFLØR **GRY HEGE ESPENES**

REKVISITØR **FINN KIRKEBY**

KOSTYMEKOORDINATOR **LINE ANTONSEN**

SCENEMEISTRAR **KALLE ERIKSEN /
YNGVAR KOLLSTRØM**

LYSMEISTER **OLE RANDERS**

MUSIKK I FRAMSYNINGA

BLÅKLOKKEVIKUA, Alf Prøysen/ Finn Ludt

TRASSVISA HENNES TORA, Alf Prøysen/
Egil Monn-Iversen

SLIPESTEINSVALSEN, Alf Prøysen/ Bjarne Amdahl

DEN ROTLAUSE VISA, Alf Prøysen/ trad.

DIVERSE UNDERLAGSMUSIKK:
Edvard Grieg og Erik Satie



TROST I TAKLAMPA

AV ALF PRØYSEN
DRAMATISERT AV KRISTIN AUESTAD DANIELSEN

GUNVOR **CHARLOTTE FROGNER**
INGEBJØRG **MARTE G. CHRISTENSEN**
LUNDJØRDET **HALLVARD HOLMEN**
HJALMAR **SIGURD MYHRE**
KRESTINE **MARIANNE KROGH**
BREKKESTØL **JOACHIM RAFAELSEN**
GREGERSEN **SIGVE BØE**
SJØLVEFOLKET **BERNHARD RAMSTAD**
HANDELSBETJENTEN **JAN MARTIN JOHNSEN**
MOR TIL GUNVOR **HILDE OLAUSSON**
ELISE **KIKKI STORMO**
ARNE BARNEHJEMMET **EIVIN NILSEN SALTHE**

PIANIST **STÅLE SLETNER**

PREMIERE 28. MARS 2014 PÅ SCENE 2



PRØYSENS KLO

Dei syng Prøysen i radio. Og det er rett! Det var fin diktar. Og folk flest har lika han. Han er betre enn Taube, meir ekte, kvardagsleg, men poetisk! Ein ekte diktar! Kanskje vår beste i etterkrigstidi. (Rolf) Jacobsen sa at Prøysen er den beste dikteren me har etter krigen.

Langt på veg samd.

Dette skriv Olav H. Hauge i dagboka si ein gong i 1977. Og han kjem attende til det ein haustdag i 1984, og legg til; *Han har framifrå prosatekstar òg.* Det vil nok mange skriva under på, lesarar av novellene og småstubbane hans eller forteljingane om Teskjekjerringa, og alle dei som følgde hans faste Lørdagskrok i Arbeiderbladet.

I år er det hundre år sidan Alf Prøysen vart fødd. Det Norske Teatret og den folkekjære dikteren har ei nær historie som starta med ein idé på ein nyttårsfest. *Trost i taklampa* skulle til scenen. Saman med Asbjørn Toms dramatiserte Prøysen romanen som fekk urpremiere under vinter-OL i 1952. Etter at stykket vart til musical, med c, i 1963 og seinare film, har nok kanskje tendensen i romanen kome litt bort. I Prøysenåret ville derfor Det Norske Teatret vende attende til originalen og la ein ung dramatikar sjå med nye auge og fri penn på dette viktige verket i norsk arbeidardikting.

Erik Ulfsby, teatersjef

ALF PRØYSEN OG DET FOLKELEGE

I år er det 100 år sidan Alf Prøysen vart fødd. Innsatsen han gjorde for norsk populærkultur som visesongar og forfattar, er stor. Han skreiv bøker, føljetongar i aviser, han skreiv for scenen, radio og TV, og arven han har etterlate seg er blitt allemannseige.

Trost i taklampa (1950) er den einaste romanen han skreiv, og den første dramatiseringa kom i 1952. Romanen har mange lag. Den kommenterer by og land-konflikten, hykleriet både hos byintellektuelle og hos bondestanden, og klassekonfliktar. Men ein kan også lese *Trost i taklampa* som Prøysens kommentar til sin eigen forfattarskap. Mange stempla han som ein lettvektar innan kunsten. Grunnen til dette er at han valde uttrykk og medium som var folkelege for å få ut budskapet sin. Det er særleg ein scene i *Trost i taklampa* som kastar lys over dette: Ingebjørg ler av ei budeie fordi ho les kiosklitteratur i staden for høgverdig litteratur. Prøysen gjer altså narr av dei som gjer narr av dei som er folkelege. Han tok alvoret inn i populærkulturen og trefte det breie lag av folket der dei var. Ved grammofonen, ved radioen, ved TV-apparatet eller på sengekanten med barneboka. Derfor vart han elska, og blir stadig elska av nye generasjonar.

Marit Moum Aune, regissør



DET NORSKE



OBOS

www.detnorsketeatret.no
BILLETTLUKA: 22 42 43 44